




Me bryr oss!



Austrheim vgs.
Vestland fylkeskommune





Austrheim vgs

Me bryr oss!

«Me bryr oss!» er slagordet til skulen. Me som jobbar her på skulen brenn for det oppdraget me har, nemleg å bidra til læring og utvikling - både fagleg og sosialt – hjå ungdom. Når elevane går ut herifrå, er dei klare til høgare utdanning eller yrkeslivet gjennom læreplass. Og læreplass får dei aller fleste som vil ha av våre elevar. Me er blant dei aller beste skulane i landet på å få elevar ut i lære. Austrheim vgs er rett og slett ein veldig god skule som set eleven i sentrum, der ein lærer gjennom variert undervisning og får faglege utfordringar.

Skulen vår har høg trivselsfaktor og kjempegodt skulemiljø, der elevane engasjerer seg i sin skulekvardag. Viss du vil gå på ein oversikteleg skule der du blir kjend med elevar på kryss og tvers av klassane, og der du også opplever å bli sett av og godt kjend med lærarane, er Austrheim vgs staden for deg.

Mesteparten av elevane på Austrheim vgs kjem frå kommunane Alver, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Solund og Fedje, men det er også nokre elevar som har litt lengre reiseveg. Fleire av dei bur i Austrheim vgs sitt nye hybelhus rett nedanfor skulen.

Frode Hervik, rektor



Skulemiljø

Austrheim vgs har litt over 200 elevar primært frå ulike kommunar i Nordhordland og Sogn (Gulen og Solund), og ligg vakkert til ved sjøen i Mastrevikane. Elevane trivst godt, og me arbeidar saman for å skape Vestlandets beste skulemiljø. Skulemiljøet skal verte endå betre gjennom samskaping mellom elevane og dei tilsette.

Kantina er hjarta i skulemiljøet med pulserande liv i storefri og andre friminutt, og er ein viktig møteplass på kryss og tvers av klassane. Her blir det servert gratis skulefrukost kvar dag i første friminutt, og resten av dagen kan du kjøpe mat og drikke til ein billig penge. Dersom du ynskjer ein litt rolegare møteplass eller vil arbeide med fag, kan du bruke biblioteket. Viss du ynskjer litt aktivitet, er bordtennisrommet staden for deg. Her er plass til mange ulike behov.

Austrheim vgs er ein MOT-skule, og gjennomfører programmet Robust ungdom for vgs. Målet er å gjere ungdom meir robuste, og å skape klassekulturar og eit skulemiljø der alle er inkludert. Miljøkoordinatorane våre - som også er MOT-coachar - er sentrale brikker i det trivselsfremjande arbeidet. Dei har mellom anna open skule om ettermiddagen kvar 14. dag, og

legg til rette for at den elevstyrte aktivitets- og arrangementskomiteen får gjennomført sine planar. Det er også ei elevgruppe som arbeidar for å skape eit inkluderande og godt psykososialt skulemiljø.

Skulen har også aktivitets- og temadagar som bryt opp skulekvardagen med alternative undervisningsopplegg, som involverer klassar på kryss og tvers. Dette er også med på å bygge eit godt skulemiljø. Austrheim vgs legg stor vekt på ein mjuk skulestart om hausten med mange ulike aktivitetar, slik at dei nye elevane blir godt kjende med klassane sine. Her brukar me kvalitetane i nærområdet.

Velkommen til oss!



Torbjørn Nordanger, 1 stusp

« Me får utforska faga i eit godt læringsmiljø. »



Studiespesialisering – Din veg til høgare utdanning og framtidsdraumane dine

Er du nysgjerrig på teoretiske fag og har ein draum om å studere ved universitet eller høgskule? Då er studiespesialisering rette valet for deg! Utdanninga går over tre år og gir deg generell studiekompetanse som opnar dører til vidare studiar og moglegheiter.

Sterkt klassemiljø og spanande utanlandstur

På Austrheim vidaregåande skule har me éi klasse på kvart trinn i studiespesialisering. Allereie på VG1 legg me stor vekt på å skape eit godt og trygt klassemiljø der alle vert kjende med kvarandre. Slik sikrar me eit samhald som varer

gjennom heile skuleløpet og gjer russetida til ei minnerik oppleving for alle. I løpet av dei tre åra kan du også sjå fram til minst ein utanlandstur saman med klassen! Austrheim vgs har meisla ut internasjonalt samarbeid som eit satsingsområde for studiespesialisering framover, og målet er å få på plass utanlandstur kvart av de tre åra.

Engasjerande og elevaktiv undervisning

Undervisninga vår er spennande, variert og prega av elevaktivitetar. Me legg til rette for utforsking, problemløysing og kommunikasjon, slik at du finn glede i læringa. Med varierte vurderingsmetodar får du vist dine styrker på ulike måtar, og du vert godt førebudd på vidare studiar. Me gir deg også opplæring i akademisk skriving og korleis du kan skrive fagartiklar på ein god måte. Kritisk tenking og kjeldekritikk er sjølvstendig ein viktig del av undervisninga hjå oss!

Eit breitt og spanande programfagtilbod

På VG2 og VG3 vel du fordjuping innan språk- og samfunnsfag eller realfag. Du må velje minst to fag innan det valde fordjupingsområdet, og desse følgjer du over to år. I tillegg kan du velje eitt eller to frittstående programfag som passar dine interesser og ambisjonar.

Programfagtilbodet på studiespesialisering:

	Vg2	Vg3
Realfag	Realfagleg matematikk 1 Fysikk 1 Kjemi 1 Biologi 1/Geofag 1	Realfagleg matematikk 2 Fysikk 2 Kjemi 2 Biologi 2/Geofag 2
Språk- og samfunnsfag	Engelsk 1 Psykologi 1/2 Sosiologi og sosialantropologi	Engelsk 2 Psykologi 1/2 Politikk og menneskerettar Tysk 3/Spansk 3
Idrettsfag	Friluftsliv 1/ Breddeidrett1	Breddeidrett1/ friluftsliv1



Friluftsliv – Eit annleis og opplevingsrikt programfag

Ynskjer du litt variasjon frå dei teoretiske faga? Friluftsliv er eit av dei frittstående programfaga me tilbyr. Her får du lære friluftsliv i praksis og dreg på spanande turar i vakker natur. Bli med på kajakkurar i skjergarden i Austrheim, skiturar i Stølsheimen og fotturar på Hardangervidda. Dette faget gir deg minner for livet og ei unik avveksling frå klasserommet.

Velg studiespesialisering hjå oss og ta det første steget mot draumane dine!



Teknologi- og industrifag

Er du praktisk anlagt og er interessert i mekanikk og teknologi? Synest du industriell produksjon med stål verkar spennande, eller er du interessert i skruing og mekking på køyretøy? Kanskje ser du for deg ei framtid om bord i eit fartøy? I så fall kan dette vere noko for deg. Teknologi- og industrifag (TIF) er ei brei og god yrkesfagleg utdanning. På vg2 tilbyr Austrheim vgs vg2 industriteknologi og vg2 køyretøy, vg2 Maritime Fag eller du kan velje kryssløp over til anleggsteknikk. Etter 2 år i skule kan du søkje om læreplass for å ta fagbrev.

Vg1 Teknologi- og industrifag

På vg1 teknologi- og industrifag brukar me mykje tid i oppstarten til å verte kjende, slik at ein byggjer eit godt klassemiljø. I programfaga får du mellom anna lære meir om maskinar, produksjonsprosessar, automatisering og programmering av robotar. Austrheim vgs har to verkstader og eit spesialrom for TIF-elevar. På vg1 har ein ein produksjonsdag i veka i den største verkstaden, som er høgdepunktet i veka. Resten av programfaga nyttar ein den andre verkstaden og spesialrommet, samt klasserommet.

På vg1 får du ei praktisk, variert og teknisk grunnopplæring. Den spenner over eit breitt fagområde, der du skal kunne litt om alt, men samstundes få høve til å fordjupe deg i det du er mest interessert i. HMS er i høgsetet hos

oss, og du får full opplæring i bruk av verktøy og maskiner. Lærarane på Austrheim vgs er opptekne av at det skal vere god samanheng mellom teori og praksis, slik at det vert lett å forstå den yrkesfaglege teorien. I fellesfaga legg me vekt på å yrkesretta dei mest mogleg, slik at du som elev ser samanhengen mellom til dømes matematikk og naturfag og industriell produksjon i verkstaden.

På vg1 er TIF-elevane utplasserte i bedrift i fire veker. I løpet av skuleåret reiser me også rundt for å besøke bedrifter for å få eit inntrykk av kva ulike industribedrifter i regionen driv med. Såleis får du ei brei plattform for vidare yrkesval både med omsyn til fag, type arbeidsplass og arbeidsmiljø.

Vg2 Industriteknologi

I starten av skuleåret vert det jobba ein del med å skape eit godt klassemiljø. På vg2 Industriteknologi vert du førebudd for å jobbe med industriell produksjon, og du får ei meir spesialisert opplæring, mellom anna i dreining, fresing, sveising, CNC og robotteknologi. I den meir teoretiske delen av programfaga vil du lære høg teknisk standardisering, arbeidsprosedyrar og dokumentasjon. Lærarane legg vekt på å ha ein god samanheng mellom den teoretiske og den praktiske delen av programfaga. Vg2 Industriteknologi nyttar den store produksjonsverkstaden to dagar i veka.

Austrheim vgs har eit tett samarbeid med industribedrifter i regionen. Du vert utplassert bedrift i totalt 6-8 veker. Dessutan er ein også på vg2 på ein del bedriftsbesøk. Lærarane på Austrheim vgs bidrar og hjelper, slik at alle som fullfører og består får læreplass.

Ingrid Helland Christensen, vg2 PIN

« Den praktiske delen av undervisninga likar eg godt. Me som elevar vert sett av lærarane våre. Eg synes og at me har blitt godt kjende med kvarandre i klassen. »

Vg2 Køyretøy

I starten av skuleåret vert det jobba ein del med å skape eit godt klassemiljø. På vg2 Køyretøy er hovudområdet verkstadarbeid, noko som omfattar mellom anna vedlikehald, feilsøking og val av reparasjonsmetodar på ulike køyretøy, motorar og utstyr. Skulen har også ein spesialbygd elbil/hybridbil til undervisningsføremål. Elevane har to heile verkstaddagar. Den yrkesfaglege teorien består for det meste av korte demonstrasjonar/instruksjonar som elevane deretter lærer seg å gjere i praksis.

Austrheim vgs har eit tett samarbeid med bilverkstader i regionen. Du vert utplassert bedrift i totalt 6-8 veker. Lærarane på Austrheim vgs bidrar og hjelper, slik at alle som fullfører og består får læreplass.





Vg2 Maritime fag

Ynskjer du å starte ein spanande maritim karriere på havet, anten i styrhuset eller maskina? Då er dette linja for deg!

Etter vg2 maritime fag kan du reise om bord i lære som matros eller motormann på mange forskjellige typar fartøy som for eksempel; frakteskip, ferje/cruisebåt, tankbåt, offshorefarty, brønnbåt eller slepebåt, eller eventuelt i forsvaret.

Forsvaret rekrutterer lærlingar som har gjennomført vg2 maritime fag. Skulen samarbeider med ulike reiarlag når det gjeld utplassering av elevar i løpet av skuleåret.

Skulen har etablert eit topp moderne simulatorrom, der elevane trenar på navigasjon og maskinarbeid. I tillegg har skulen ein motorlab/verkstad der ein øver på praktiske oppgåver

Det vert stilt høge sikkerheitskrav til å arbeide på sjøen. I løpet av skuleåret får du tilbod om fleire relevante kurs som grunnleggande sikkerheitskurs, kurs for sjøfolk med særlege sikringsplikter, MOB og redningsfarkoster, kompetansesertifikat D6, stroppe- og anhukerkurs og radiosertifikat.

Felles programfag du skal ha dette året er:

- Skipstekniske tjenester
- Dokumentasjon og kvalitet
- Valfritt programfag: dekk eller maskin

Iver Sørhaug, vg2, Maritime fag



« Eg tenker maritim er en fin linje fordi det er eit fint miljø, og gjer gode muligheter i arbeidslivet. »

Takk til alle våre samarbeidspartnere



24/7

Supply & Service

for den maritime industrien

TLF: 64 80 82 70



- catching our future


Eit verdsløiende kompetansesenter
innan CO₂-fangst

www.tcmda.com/no



Hurtigbåt og fergerederi med base i Solund der vi opererer samband fra Vestland til Nordland

www.vidarhop.no



Utkilen

SAFE – CARING – SUSTAINABLE

Utkilen AS, Strandgaten 197, 5004 Bergen, Norway

www.utkilen.no

A sustainable and forward leaning shipping company with interesting career opportunities both onshore and at sea.



Naturbruk

Er du praktisk anlagt, og interessert i natur og miljø, fisk og menneske? Då kan naturbruk passe for deg. Austrheim vgs har ein blå profil på vg1 naturbruk, og me tilbyr også vg2 akvakultur. Du kan bli lærling etter to år på skule, og så ta fagbrev. Du kan også gå vidare på vg3 påbygg til generell studiekompetanse.

Vg1 Naturbruk

På vg1 naturbruk brukar me mykje tid i oppstarten til å verte kjende, slik at ein byggjer eit godt klasse miljø. Austrheim vgs har blå profil på naturbruk, og er såleis mest retta mot akvakultur (oppdrett av fisk og anna sjømat) og fiske. Skulen har godt samarbeid med dei to visningssentra for akvakultur i regionen (eit i Gulen og eit i Alver), og ein del av undervisninga i programfaga vil skje på desse. Båtførarprøven og grunnleggande sikkerheitskurs for sjøfolk vil vere inkludert i opplæringa. På vg1 vil du også få dekke eit minimum også knytt til den grønne delen av naturbruk med landbruk som den viktigaste. Klassen vil vera ein del ute i naturen og natur og friluftsliv vil vera viktige deler av undervisninga.

Skulen har tett samarbeid med bedrifter, og du vil om lag ti veker av skuleåret vere utplassert i bedrift. I utgangspunktet tenkjer me utplassering i oppdrettsnæringa, men dersom du har ynskje innan fiske og fangst eller i landbruk, vil me leggje til rette for det. I undervisninga vert det lagt opp til ei rekkje

bedriftsbesøk.

Me prøver å gjere teoridelen av programfaga så praktisk som mogleg. I fellesfaga legg me vekt på å yrkesrette dei mest mogleg, slik at du som elev ser samanhengen mellom til dømes matematikk og naturfag, og det å arbeide på eit oppdrettsanlegg.

Ådne Holmaas, vg2 Akva

«Eg likar meg godt på vg2 Akva for vi har så mange veker i praksis i bedrifter. Vi har og ein heil dag med programfag og då reiser vi litt rundt og får sett ulike stader som t.d. Fiskerimuseet i Bergen. Vi får og undervisning av fleire lokale oppdrettselskap. Dette liker eg.»



Vg2 Akvakultur


Oppdrett av ulike artar er ei av Noregs viktigaste næringar, og denne næringa vil i framtida berre fortsetje å vekse.


Etter skuleslutt kan du gå 2 år i lære i ei bedrift der du vil få fagbrev og moglegheit til å arbeide i ei næring med gode framtidsutsikter, med varierte arbeidsoppgåver, gode løns- og arbeidsvilkår. Vg 2 akvakultur gjev deg teori til fagprøven i tillegg til allmenne fag, slik at du med eit påbyggings år får generell studiekompetanse. Dersom du ser for deg ei høgare utdanning på universitet eller høgskule (marinbiologi, sivilingeniør i havbruk mfl.) vil eit slikt utdanningsløp være midt i blinken.

I løpet av skuleåret får du tilbod om dekksoffiser kompetansesertifikat klasse 6 (D6), stroppe og anhukerkurs (G11 + G20) og VHF-kurs

På vg2 akvakultur vil du vere utplassert omlag 10-12 veker i bedrift, og mesteparten av den praktiske delen av opplæringa vil skje der, medan teoridelen av programfaga og fellesfaga vert på skulen. Klassen vil ha tett samarbeid med lokale oppdrettsselskap som bidreg inn i undervisninga med sin kunnskap og erfaring. Utdanninga vil såleis skje i tett samarbeid med næringslivet.

Lærarane på Austrheim vgs bidrar og hjelper, slik at alle som fullfører og består truleg vil få læreplass.





Roslagen Shipping har over 50 års erfaring med sjøtransport av sand, singel, asfalt, skjelsandopptak og diverse spesialjobbar innan mudring og sjøfylling. Vi er eit av få i Noreg, og einaste selskapet frå Vestland som har konsesjonar og driv med opptak av skjelsand.

Følg oss gjerne på Facebook og Instagram.

Roslagen Shipping AS
Leknesvegen 183
5915 Hjelmås

post@roslagen.no
Telefon: 41248128 / 41248129
www.roslagen.no



POST@NONL.NO



www.nonl.no




LAKS FRÅ SOLUND

www.sulefisk.no



FJORDØRRET FRA
DET KALDE NORD



Settefiskanlegget Nesfossen Smolt ligg fint til ved Lurefjorden på Hundvin i Alver kommune, ca. 40 minutt i bil frå Bergen sentrum. Kjerneverksemda vår er å produsere sjømat med høg kvalitet på ein berekraftig og etisk forsvarleg måte. I fiskeproduksjonen har me kontinuerleg fokus på å sikre god fiskevelferd og unngå negative påverknader på naturen.


Selskapet starta med settefiskproduksjon i 1986, og produserer fleire millionar laks kvart år (yngel og smolt). Nesfossen Smolt AS er ei godkjent lærebedrift i akvakulturfaget, og me samarbeider med Austrheim vidaregåande skule.

www.nesfossen.no






Velkommen! Kanskje du vil bli med på laget?



Vi er idag lokalisert i Gulen, Solund og Hammerfest Kommune. Wergelandgruppa har aktivitet innan offshore havvind, betongindustri, base, tekniske tenester, pukk og grus pluss miljøservice for farlig avfall. I tillegg driv vi med eigendomsutvikling og har reiarlag med kabelferjer. Dette er organisert i driftsselskapa Wergeland Eigedom, Wergeland AS, Wergeland Base AS, Wergeland Safeport AS, Solund Verft AS og Wergeland Halsvik AS. Som grunneigar i Gulen Industrihamn ynskjer vi å medverke til vekst i den industrielle klynga som har utvikla seg rundt Fensfjorden. Kompetente og engasjerte medarbeidarar i alle ledd er ein viktig faktor for å skape sunn vekst.

Wergelandgruppa dekkjer i dag fylgjande fag:

- Baseoperatør
- Skipsfører
- Sveiser og Platearbeidar
- Prosessoperatør
- El- og automasjon
- Ingeniørfaget bygg
- Regnskap og økonomi



Velkommen! Vi tilbyr en spennende arbeidsplass med ei solid framtid!

Bygg- og anleggsteknikk

Er du praktisk anlagt, likar å vere i aktivitet og kanskje er litt teoritrøtt? I så fall kan dette vere noko for deg. Her på Austrheim vgs kan du andre året velje vg2 tømrar eller vg2 anleggsteknikk. Etter to år på skule går dei fleste ut som lærling i bedrift, og vi er heldige som har tradisjon for å få alle som er kvalifisert til det ut i ei lærebedrift. Som elev på bygg- og anleggsteknikk får du god opplæring, praktiske utfordringar, fysisk aktivitet og frisk luft.

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk

På vg1 bygg- og anleggsteknikk brukar me mykje tid i oppstarten til å verte kjende, slik at ein byggjer eit godt klassemiljø. På bygg- og anleggsteknikk kan du mellom anna vera med på å bygge hytter, forskaling, stillas, murar og benkar. I tillegg får du vere med på aktuelle byggjeoppdrag frå private og offentlege i nærområdet. Du lærer å bruke ulike verktøy og maskiner. HMS er i høgsetet hos oss, og du får full opplæring i bruken av utstyret.

Austrheim vgs har godt samarbeid med næringslivet. På vg1 vert du utplassert i bedrift

totalt fire veker i løpet av skuleåret. Det er i tillegg mogeleg å få til utplassering 1 dag i veka, dersom du har ynskje om det. I løpet av skuleåret reiser me også rundt for å besøke bedrifter for å få eit inntrykk av korleis det er i arbeidslivet. Du får også vere med å besøke andre skular for å sjå nærare på kva du vil satse på etter vg1.

Me prøver å gjere teoridelen av programfaga så praktisk som mogleg. I fellesfaga legg me vekt på å yrkesretta dei best mogleg, slik at du som elev ser samanhengen mellom til dømes matematikken og det å arbeide som tømrar.



Vg2 Tømrar

På vg2 tømrar blir du førebudd på arbeidslivet i byggenæringa. I starten av skuleåret jobbar ein med eit større byggjeprojekt samstundes som ein byggjer klassen saman for å få eit godt klassemiljø. I løpet av skuleåret vil ein jobbe mykje praktisk med diverse prosjekt ute på oppdrag hjå kundar. Då kan du jobbe med alt frå å setje opp bygg, tilbygg og renovering. Prosjekta kan også innehalde stillasbygging, forskaling, armering, støyping og muring.

På Austrheim vgs er vert du utplassert i bedrift 10-13veker i skuleåret, noko som gir solid praktisk opplæring og gode moglegheiter for læreplass. Me kjenner bedriftene i vårt område og har tett samarbeid med dei, både om praksis og overgangen til lære. Lærarane på Austrheim vgs bidrar og hjelper, slik at alle som fullfører og består vanlegvis får læreplass.

Andreas Totland, vg1 Bygg- og anleggsgag

« Eg likar at det er varierte arbeidsoppgåver og at vi får prøvd alt mogleg innan byggfaget. Og eg likar lærarane vi har her på skulen. »



Vg2 Anleggsteknikk

På vg2 anleggsteknikk vert du førebudd på arbeidslivet i anleggsbransjen. I starten av skuleåret legg ein vekt på å byggje eit godt klassemiljø blant elevane på anleggsteknikk, og saman med tømrarklassen. Samstundes begynner den teoretisk og praktiske opplæringa til maskinførarprøven, og i løpet av hausten tek elevane maskinførarbeviset. Mesteparten av praksisen skjer ute i bedrift. Det vert også lagt opp til ei rekkje bedriftsbesøk for å få innsikt i ulike deler av bransjen.

På Austrheim vgs er vert du utplassert i bedrift om lag 10-13 veker i skuleåret, noko som gir solid praktisk opplæring og gode moglegheiter for læreplass. Me kjenner bedriftene i vårt område og har tett samarbeid med dei, både om praksis og overgangen til lære. Lærarane på Austrheim vgs bidrar og hjelper, slik at alle som fullfører og består vanlegvis får læreplass.





Helse- og oppvekstfag

Er du omsorgsfull og likar å arbeide med menneske? I så fall kan dette vere noko for deg. Austrheim vgs har vg1 Helse- og oppvekstfag, og vg2 Helsearbeiderfag. Etter 2 år i skule kan du søkje om lære plass for å ta fagbrev. Du kan også ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Vg1 Helse- og oppvekstfag

På vg1 brukar me mykje tid i oppstarten til å verte kjende, slik at ein byggjer eit godt klassemiljø. Opplæringa inneheld ein del praktiske aktivitetar og arrangement retta mot barn og eldre, og skulen har godt samarbeid med barnehagar, grunnskular, sjukeheimar og frivillige organisasjonar for å få dette til. Lærarane legg vekt på å få til ein god samanheng mellom teori og praksis i programfaga.

På vg1 er elevane utplasserte i barnehagar, skular og helseinstitusjonar 5 veker i løpet av skuleåret, og du vil såleis få eit godt grunnlag for å velje kva retning du skal gå vidare på vg2.

På vg1 er elevane rundt på ulike utflukter, t.d. til Bergen, men høgdepunktet er nok klassetur med både fagleg og sosialt innhald. Det er også mogleg å ta deler av praksisen i eit anna land gjennom eit Erasmus+ prosjekt. No dei siste år har 3-4 elevar såleis vore 14 dagar i Danmark.

Det er kjekt at ingen veker er like, og vi gjer på mange forskjellige ting. Vi lærer mange kjekke ting samtidig som vi lærer fagstoffet.

Etter vg1 tilbyr vi vg2 Helsearbeidarfag som vil gje deg kompetanse til å jobbe på sjukehus og sjukeheim, i heimesjukepleien, i rusomsorgen og innan psykiatrien, i skulen med barn eller ungdom som treng ekstra hjelp, ved opptrenings- og behandlingssentre og i bofellesskap og andre institusjonar innanfor helsefaga.


På vg2 Helsearbeidarfag møter du desse programfaga:

- Kommunikasjon og samhandling
- Helsefremmande arbeid
- Yrkesliv i helse- og oppvekstfag

I tillegg har vi faget Yrkesfagleg fordjuping (YFF)

Klassen har 4 veker praksis om hausten og 4 veker om våren. Hå oss vil du få praksis innanfor helse- og omsorgstenesta og målet er at du skal utvikla deg til å bli ein kompetent helsefagarbeidar som møtar pasientar, brukarar og pårørande på ein profesjonell måte

Vg2 Helsearbeidarfag

A close-up photograph of a person's arm. A black blood pressure cuff is wrapped around the upper arm. A black tube connects the cuff to a white digital blood pressure monitor. The monitor's screen shows the numbers '120' and '80'. The person is wearing a blue hospital gown. A hand is visible holding the tube. The background is a light-colored, patterned fabric.

Andrea Elvira Sagebakken Fredriksen-Tonheim, Helsearbeidarfag

« Vi lærer godt og har flinke lærerar. Klassemiljøet er veldig inkluderande og bra. Det vi lærer om er interessant. Eg liker at ikkje vekene er så tunge og vi klarer å koma oss greitt gjennom veka. »





Elevdemokrati 2.0

Austrheim vgs ynskjer at elevane skal få meir påverknad på sin eigen skulekvardag. Samstundes ser me at den tradisjonelle elevrådsmodellen ikkje fungerer optimalt når målet er å engasjere flest mogleg elevar i sin skulekvardag. Derfor lanserte me omgrepet Elevdemokrati 2.0 for å skape noko nytt.

Skulen skal framleis ha eit elevråd. Dette vert ein opplæringsarena for demokratiske prosessar, og dei vil oppleve å få reell påverknad. I tillegg vil me engasjere breiare, og set derfor ned ulike grupper, komitear og styrer med elevrepresentasjon. Me har såleis eit kantinstyre, aktivitets- og arrangementskomite, gruppe for inkludering/godt psykososialt skulemiljø, gruppe for fysisk skulemiljø, solidaritetsgruppe og KI-gruppe.







Austrheim vgs.
Vestland fylkeskommune



Austrheim
vidaregåande skule
Mastrevikane 44
5943 Austrheim

Tlf: 56 16 80 00
E-post: post.auv@vlfk.no
www.austrheim.vgs.no

